

Sævareidfjorden ungdomslag  
v/Jeanne Marie Vinje EngevikVår dato  
10.04.2018**Kystsogevekene 2018**

Det er Kystsogeveker i Hordaland 4. august.-16. september. I forkant og første helga går «Fjordsteam 2018» av stabelen i Bergen. I samband med opninga av Fjordsteam torsdag 2. august har vi fått spørsmål om M/S Stavanger kan gå innom Sævareid på veg til Bergen og at M/S Midthordland same dag går frå Eikelandsosen til Bergen der vi kan følgja med som passasjerar.

Det har kome tre enkeltprogram på plakaten som vil inngå i Kystsogevekene:

- 26. august programmet «Kvilestein» i Holdhus Kyrkje med Kjersti Wiik, Laila Kolve og Einar Mjøltnes. Arr: Fortidsminneforeninga avd Fusa
- 12. september «Migrasjon» i Strandvik grendehus med Reidun Horvei m.fl. Arr: Kammerkoret Takt og tone
- 13. september kåseri av Eva Røyranne i Kommunetunet - om bruk av stein i byggeskikk og kulturlandskap. Arr: Fusa folkebibliotek

Eg må be om ei rask avklaring på om det er planlagt andre arrangement i perioden. Vert det nye dagar på Samnøy og i Engevik? Har de planer på Vinnesholmen i regi av kystlaget?

Kystsogevekene utfordrar oss på å laga nye vriar på vanlege «arrangement», som til dømes å nytta båt til kyrkjeskys. Kanskje skal soknerådet i perioden invitera båtfolket til ein flotilje mot Sundvor og «kystgudsteneste» i nyoppussa kyrkje?

Det har vore ein dialog i løpet av vinteren mellom Kystsogevekene og UKM for å få meir aktiv bruk av unge kulturkrefter inn i programma. Her har vi så langt vore ganske flinke, men kanskje kan vi gjera endå meir? Vi har òg hatt møte med Os kommune for å samkøyra arrangementa våre. Vi må bli flinkare til å «byggja bruer» med å utveksla programinnslag og ressursar. Dette blir endå meir aktuelt i åra som kjem. I 2020 er vi Bjørnafjorden og den nye kommunen bør profilera seg på felles kystkultur.

Det byrjar å hasta. Kystsogevekene sin **frist** for å senda inn stoff til programmet for 2018 er **10. mai**.

Dersom de ønskjer at underteikna skal vera med på lokale planleggingsmøte må de ta kontakt.

Sjå elles etter informasjon på [www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no)

Helsing

Erik Vangsnes  
kulturleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*